



Statens vegvesen

NVE – Region vest
Naustdalsvn. 1b

6800 FØRDE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Andrea Holsen Horstad /
90252912

Vår referanse:
18/153444-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
23.07.2018

Mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk i Leikanger kommune – Høyring

Vi viser til e-post datert 2. juli 2018 gjeldande søknad om mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk i Leikanger kommune.

Generelt

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å leggje til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentlig veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

Byggjegrænse til veg

Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje finst reguleringsplan gjeld Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innanfor byggjegrænse til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå veglova til Statens vegvesen. Søknadsskjema finn de på www.vegvesen.no – skjemaer – søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggjegrænse.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Avkøyrslar

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslar eller mellombels avkøyrslar, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrslar må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på www.vegvesen.no – fag – handbøker.

Spesialtransport

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på www.vegvesen.no – veglister/dispensasjonar – søknad om dispensasjon for spesialtransport.

Med helsing

Janne Grønli
fungerande seksjonsleiar

Andrea Holsen Horstad

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.